

# ÅRSMELDING FOR EIDFJORD FJELLSTYRE 2016

Årsmeldinga omfattar følgjande hovudpunkt:

## 1. Økonomisk del

## 2. Generell del

### 2.1 Viltforvaltning

#### 2.1.1 Villreinforvaltning

#### 2.1.2 Småviltforvaltning

### 2.2 Fiskeforvaltning

#### 2.2.1 Fiskeutsetting

#### 2.2.2 Prøvefiskeresultat

#### 2.2.3 Garnfiskestatistikk

#### 2.2.4 Kalking

#### 2.2.5 Anna fiskekultivering

## 3. Fjellstyrehyttene

### 3.1 Hyttestyret

## 4. Beiteleiga

## 5. Anna

## 1. Økonomisk del

Eit utdrag av rekneskapsresultatet for 2015 og 2016 viser fylgjande hovudpostar for inntekter og utgifter:

<b>INNTEKTER</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>UTGIFTER, DRIFT</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>
Salsinntekt	499820	705492	Lønskostnader	29918	72545
Anna driftsinntekt	162938	214779	Avskrivningar	84565	82863
			Varekostnad	8820	22330
			Anna driftskostnad	669681	646033
Sum driftsinntekter	662759	920271	Sum driftskostnader	792985	823770
Driftsresultat	-130225	96501			
Netto Renteinntekt	35573	22903			
Sum årsresultat	-94652	119203			
Bankinnskott, kontantar og liknande.	2112475	2039116			

Kommentar:

Her viser hovudtala frå rekneskapet samanlikna med tala frå året før. Årsresultatet viser eit overskot, dei to føregåande åra var det underskot.

Inntektene:

Inntektsauka skuldast i hovudsak fiksekort og villreinjakt.

Utgiftene:

- Største faste utgiftspostane er kjøp av tenester frå Hardangervidda fjelloppsyn, kjøp av tenester frå Eidfjord kommune, rekneskap tenester og kontingent til Norges fjellstyresamband.

Investeringar:

- Det er ikkje utført oppgåver eller gjort innkjøp som er å rekna som investeringar.

## 2. Generelt

Fjellstyret hadde 8 styremøte og handsama 41 saker. Det viktigaste av aktiviteten kjem fram i årsmeldinga, elles vert møteprotokollane lagt ut på heimesida til fjellstyret,

[www.eidfjord-fjellstyre.no](http://www.eidfjord-fjellstyre.no)

## 2.1 Viltforvaltning

### 2.1.1 Villreinformvaltning

Bestandsmålet for villreinstamma på Hardangervidda er;

**Hovudmål:** - produsere 2.000 – 2.500 kalv årlig (målt ved kalvetelling)

**Delmål:** - simleandelen på 40% (målt ved strukturtelling)

- bestandsstorleik maks 12.000 før kalving.

- halde ein mest moleg stabil bestandsstorleik over tid.

Samla kvote vart sett til 8 000 fellingsløyve, fjellstyret var tildelt 547 fellingsløyve. Denne var fordelt med 82 frie dyr og 465 simle/ungdyr med rett til å fella kalv. Stor fellingskvote og redusert jaktbart areal resulterte i at fjellstyret avgrensa talet jegerar på almenninga til 130. Det vart selt om lag 280 fellingsløyve.

Totalt for allmenninga vart det felt 61 dyr på kort utsteda av fjellstyret. Når det gjeld Eidfjord sin fellingsprosent er denne rekna av tildelt kvote og var da på 11,2%. Fjellstyret ynskjer å visa ein forsvarleg forvaltning og ikkje sleppa til for mange jegerar på statsallmenninga. Dette resultera i at fjellstyret satt at med om lag 130 løyve som ikkje vart selt.

Fredningssona som omfatta meir enn halvparten av arealet sør for Nordmannslågen var vidareført. Fredningssona syntes å ha hatt ein positiv effekt, sjølv om mykje sør og austavind i jakta resulterte i lite trekk mot Eidfjord. Øvre Numedal fjellstyre opna for alle jegerar i den utvida jaktperioden fram til om med 9. oktober for almenningen sør for Lågen og aust til Langebuåni. Dette hadde positiv verknad på fellingsresultatet.


### 2.1.2 Småviltforvaltning

Fjellstyret har samarbeida med Norsk Breton klubb avd. Hordaland om taksering av rypestamma i forkant av jakta.

År	Område	Tal linjer	Tal meter	Ant. obs.	Tal ryper	Ryper/obs	Ryper/km <sup>2</sup> (med 90% sikkerheit)	Ant kyllingar/høne
2006	Eidfjord Statsalm	44	229250	84	327	3,9	7	3,8
2007	Eidfjord Statsalm	24	129342	33	129	3,9	8	2,6
2008	Eidfjord Statsalm	23	125361	31	115	3,7	4	2,9
2009	Eidfjord Statsalm	22	113675	21	97	4,6	3	2,6
2010	Eidfjord Statsalm	24	129050	25	197	7,9	4	7,5
2011	Eidfjord statsalm	26	155039	34	290	8,5	7	5,2
2012	Eidfjord statsalm	29	167010	23	81	3,5	2	1,7
2013	Eidfjord statsalm	25	131230	48	193	4,0	3	4,3
2014	Eidfjord statsalm	24	149713	61	428	8,5	11	9,8
2015	Eidfjord statsalm		129600	28	65	2,3	1,8	1,2
2016	Eidfjord statsalm	24	158300	29	140		2,5	3,6


Takseringsresultatet viser at rypebestanden er i vekst igjen, det vart observert fine kull, men dessverre langt i mellom dei. Retningslinjene for når det kan opnast for jakt er 8 ryper/km<sup>2</sup>, det vart ikkje kortsal.

## 2.2 Fiskeforvaltning




Statistikken for samla fangst og fangstsinnsats viser at fangstsinnsatsen var nær den same som i 2015. Samla var det 88 garnfiskarar som hadde løyst kort.


Fangststatistikk frå dei viktigaste vatna;



Avkastinga frå Tinnhølen har minka noko, fangstsinnsatsen har og minka.



Fangststinsats har minka noko og avkastning, er stabil.



Statistikken gir resultat av rapportert utbytte oppgitt i kg og tal aure i forhold til innsats målt i form av garndøgn. Det er god samanheng mellom kg og tal aure det viser at det ikkje er stor forskjell i storleiken på auren samla sett.

### 2.2.1 Fiskeutsetting

Villfisk fanga med elektrisk fiskeapparat, feitfinneklippa og satt ut i Tinnhølen

År	Tal frå Svinto	Tal frå Bjoreio
2008	348	30
2009	342	
2010	160	
2011	181	
2012	50	
2013	248	
2014	151	
2015	134	
2016	208	

Fangst av villfisk vert utført av Statkraft som kompensasjon for at dei tek stamfisk på Tinnhølen. I tillegg vart det sett ut 1800 2-somrige aure frå anlegget i Simadalen. Alle er feitfinneklippa. Årleg fangar Statkraft om lag 50 stamfisk.

28 stamfisk som hadde ein snittvekt på 2,4 kg vart individmerka og slept i Tinnhølen seinhausten 2012. Fjellstyret er veldig interessert i rapport om fangst av desse, fangststad, lengde, vekt og merkenummer er viktig informasjon å få med. I tillegg var det satt ut 1800 eitårig setjefisk i Tinnhølen. All fisk som er satt ut er feitfinneklippa.

### 2.2.2 Prøvefiskeresultat

Fylgjande vatn og tjørn vart prøvefiska i 2016;

#### Svartavatnet

Det har vore gjennomført eit prøvefiske som ein del av tynningsfisket. Resultatet frå prøvefiske forsterka inntrykket av god rekruttering med stor del småfisk i stamma. På prøvegarnseriar (16 garn) vart det teke 86 aurar med samla vekt på 14,1 kg som gir ei snittvekt på 164g. Situasjonen i vatnet synest stabil, ingen stor betring å sjå i fiskestorleiken.

### 2.2.4 Kalking

Det vart ikkje gjennomført kalking i 2016. I staden vart det gjennomført ein grundig overvaking av vasskvaliteten og botndyr.

### 2.2.5 Anna fiskekultivering

Det har vore gjennomført overvaking av rotenonbehandla vassdrag med el-fiske. Det er ikkje funne ørekyte etter rotenonbehandlinga.

Garnfiskereglane vart endra når det gjeld største tillate maskevidde for ein rekkje vatn. Dette er eit nytt prinsipp om garnfiskereglar kor målet er å spare den største fisken for å bidra til reduksjon i den minste fisken. Det er og opna for lenger fiskesesong for ein del vatn.

### 3. Fjellstyrehyttene

Fjellstyrehyttene vert leigd ut etter avtale/søknad for påsken og sumarferien. I reinsjakta kan hyttene ikkje reserverast. Fjellstyret justerte satsane for bruk av fjellstyrehyttene med verknad frå 1. juli:

Innanbygdsbuande	kr 100,- per døgn
Innanbygdsbuande under 16 år	kr 60,- per døgn
Utanbygdsbuande	kr 300,- per døgn
Utanbygdsbuande under 16 år	kr 60,- per døgn

#### 3.1 Hyttestyret

Det har i 2016 ikkje vore noko byggjeaktivitet på fjellstyrehyttene, berre supplering av div. pluss vedlikehald.

Me har i 2016 arbeid med tegningar/ søknader om ny hytte ved Heisanntjørn i Viersla. Det er og søkt om påbygg ved Krobu, denne har me nå godkjent byggjeløyve på.

Har også inne søknad om naust ved Dimmedalsvatn, Steinkjerosen.

Arne Bu og Lars K.Eidnes var på befaringer Dimmedalen og Heisanntjern august 2016 saman med fylkesmannens mannskap + tilsynsutval .

Arne O.Bu har stått for tegninger.

#### Krobu :

Transport av ved /propan

Utført litt tettingsarbeid innvendig ved laminert drager, befaring og planlegging av tilbygg.

#### Gamla Sandhaug:

Sjekk av 12 volts anlegg,

Transport av ved / propan, kjøpt inn kjøkkenutstyr mv, tømt toalett tank

Kjøpt inn ny vedovn til steinbua, vert montert på plass våren 2017

#### Viersla:

Transport av ved og propan, kjøpt inn div kjøkkenutstyr

Oppsynsrom i bod ferdig utført, div arbeider med 12 volt anlegg.

#### Langavasshadle:

Transport av ved propan+ sjekk av brannslukkere og solcelleanlegg

#### Stigstuv:

Sjekk og supplert med ved/gass

Sjekk av brannvarslere

#### Tinnhølen:

Transport ved og propan

#### Heisanntjørnsbu:

Transport av ved/propan

#### Skulevikshytta:

Ingen spesielle arbeider, hytta er stengt og vert ikkje utleigd.

#### 4. Beiteleiga

Halne beitelag har 3 år kontrakt om beiteleige med fjellstyret og slepte 850 sau. Kontrakten seier at beitelaget kan beita inntil 1000 sau, denne gjekk ut i 2015. Beitekontrakten vart fornya for 3 år.

Fjellstyret gjekk ikkje inn for å leiga ut beite sør for Rv7 til utanbygds beitebrukarar. Avslaget vart anka til Landbruksdirektoratet, men fjellstyret fekk medhald.

#### 5. Anna

- Hardangervidda Fjelloppsyn A/S (HF as) har utført oppgåver noko mindre enn vedteke i budsjettet.
- Lars Kristian Eidnes er styremedlem til styret for Fjellstyra på Hardangervidda AS.
- Lars Kristian Eidnes er medlem i Villreinutvalet.

#### Eidfjord fjellstyre

Lars Kristian Eidnes

- s -

Asle Øydvin

- s -

Vidar Riber

- s -

Nina Eiken

- s -

Atle Myklatun

- s -

Håkon Kvammen

- s -

Dagny Opedal

- s -